3. Samferdsel

Temanotat

Forarbeid til kommuneplanens arealdel

HJELMELAND KOMMUNE – HØYRINGSUTKAST 2026

1. Innleiing

Dette temanotatet tek for seg samferdsel i arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen. Notatet gjer greie for vurderingane av framtidige gang- og sykkelvegar, tiltak knytte til riksveg og fylkesveg, og areal til parkering. Formålet er å gje eit samla oversyn over nye innspel og eksisterande område frå gjeldande plan.

Gode samferdselsløysingar er ein føresetnad for at bygdene og tettstadene skal vere attraktive å bu i. Mange stader i kommunen går mjuke trafikantar i dag langs veg utan eige tilbod, og det er eit ønske om tryggare samband mellom bustadområde, skular og sentrum. Kva løysing som passar best, vil variere mellom strekningane, og i tillegg til gang- og sykkelveg kan også fortau, breiare skulder eller gangveg i eigen trasé vere aktuelle.

Enkelte stader fører mangel på parkering til at bilar vert ståande langs vegkanten, noko som går ut over trafikktryggleiken og framkomsten. Etablerte parkeringsplassar kan betre dette, men må plasserast med omsyn til landskap og omgjevnader. Der det er mogleg, vert det lagt vekt på å utvide eksisterande anlegg framfor å ta i bruk nye område, slik at inngrepa vert samla.

Ansvaret for vegnettet er delt. Statens vegvesen har ansvar for riksvegane, fylkeskommunen for fylkesvegane og kommunen for dei kommunale vegane.

Kommuneplanen kan sikre areal og peike ut prioriterte traséar, men endeleg løysing og standard vert avklart gjennom reguleringsplan i samråd med vegeigar. Tiltak langs riks- og fylkesveg må difor sjåast i samanheng med planane til vegeigarane, mellom anna arbeidet med ny RV 13. Mykje av samferdselsplanleggинga skjer dessutan direkte gjennom reguleringsplanar, og slike tiltak vert ikkje handsama i dette notatet.

Notatet omfattar både tiltak som er vidareførte frå gjeldande kommuneplan og nye innspel. For kvart tiltak er det gjort ei vurdering av behov, trafikktryggleik og konsekvensar for landskap og naturverdiar. Nye utbyggingsføremål er vurdert med KU/ROS der det er relevant. Der det enno ikkje ligg føre eit konkret traséforslag, må KU/ROS gjennomførast på eit seinare stadium.

Arealstrategi

Kommunen sin arealstrategi er vedtatt som del av samfunnsdelen til kommuneplanen. Den gjev overordna føringar for kommunen si utvikling, og må derfor også ligge til grunn ved vurdering av både nye og eksisterande områder i kommuneplanen. I forhold til tema samferdsel så er følgjande prinsipp relevant:

Sosial berekraft

- Me skal leggja til rette for auka busetjing og god trivsel i kommunen gjennom å vidareutvikla grendene som attraktive møteplassar. ...
- Me skal syta for at barn, unge, eldre og funksjonsnedsette sine interesser vert teke omsyn til i arealplanlegginga i kommunen. Universell utforming, tryggleik og god tilgang for alle skal vektleggast.
- Me skal leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur.

Økonomisk berekraft

- Me skal sikra eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet.
- Me skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevara vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling.

Miljømessig berekraft

- Før ein legg til rette for nye byggeområde skal det føreliggja eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturfare og naturmangfald. Dette skal liggja føre når utbyggingsforslag vert sendt kommunen.

2. Innspel til samferdsel

Her følgjer innspel som er kome inn i forbindelse med rullering av kommuneplanen.

Innspel	Forslag og stad	Innspel mot
4	Ta ut omsynssone infrastruktur RV13, Ytre Eiane	
16, 28	Oppretthalde framtidig GS veg, Jøsenfjorden	
23	Ta ut framtidig køyreveg mellom Melevegen og Kyrkjevegen	Innspel 32
31	Ta ut infrastruktursone framtidig FV, Nessa	
32	Fleire tiltak og stadar i Årdal	
113	Parkeringsplassar, Lyngsheia	
118	Ny veg Viganeset–RV13	Innspel 36, 137 og 141 (Regionalt planforum)
Fleire kommunale innspel	Ny parkering Åse v/Ryganfossen + ein del eksisterande p-plasser ved utfartsområde	

Følgjande område er vurdert med KU og ROS:

KU/ROS Innspel
Innspel 16 & 28 – G/S-veg Jøsenfjorden
Innspel 32 – G/S-veg Tjentland-Årdalstunet
Innspel 113 – Parkeringsplassar Lyngsheia
Kommunalt innspel – Parkering Åse

Innspel 4 – Ny trase RV13 Jøsenfjorden



Forslagsstillar	Jon Eiane Brandal
Stad. Gnr/Bnr.	22/1
Gjeldande kommuneplan	LNFR, omsynssone H410 – Ny RV13 trase *Alle strekningane skal inngå i ein overordna, heilskapleg kommunedelplan . Der traseane går i opent terreng skal omsynet til landskap, kulturminne, busetnad og landbruksdrift vurderast nøye i planprosessen*
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Gardsbruk på Ytre Eidane langs RV13, Jøsenfjorden.
Skildring av forslag	*Det er i dag tegna inn ein hensynssone for potensiell tunell på vår adresse; Ytre Eiane. Denne er merka "ny Rv13 trase". Denne hensynssona dekker store deler av garden som er i aktiv drift. Den ligg dermed og sperrar for oss. Vi søker om at denne henssynsona tas ut av planen.*
Arealstorleik	40 daa omsynssone
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
Statens vegvesen opplyser at det er ingen umiddelbare/prioriterte planar om trasèinnkorting/tunnel her nå. Det er likevel viktig å oppretthalde arealet som ein potensiell framtidig trasè, og gjerne som omsynssone infrastruktur. Suldal kommune har i sin kommuneplan vist tunnelen som juridisk linje, med tunnel og påkopling til eksisterande RV i Kilane. Ein tilrår å oppretthalde omsynssona slik at det er samanheng mellom dei to kommuneplanane.



Kommunedirektøren si tilråding
Oppretthalde omsynssone infrastruktur for ny/framtidig RV13 trasè/tunnel, med føringar om kommunedelplan for eventuelt strekk.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Innspel 16 & 28 – G/S veg Jøsenfjorden



Forslagsstillar	Jøsenfjorden Bygdeutval, Birgitte Selvikvåg Østerhus
Stad. Gnr/Bnr.	FV4702, Østerhusvika til Hauga Bru.
Gjeldande kommuneplan	Forretningsområde Vadla, LNF og regulert i austre del
Gjeldande reguleringsplan	Austre del/mesteparten av strekningen dvs 1 km inngår i R124 Vadla masseuttak (utan rekkefølgjekrav)

	Vestre del: Ca 350 m er uregulert, frå Østerhusvika til Melandsmokrysset
Skildring av området	Sentralt i Jøsenfjordbygda
Skildring av forslag	Forslaga gjeld g/s veg langs FV i Jøsenfjorden. Det er litt forskjell på startpunkt, men er i praksis same forslag: Ønske om gang- og sykkelsti med lys langs FV 4702 frå Østerhusvika til Hauga bru, med prioritet frå butikken til ballbingen, og fartsdemping ved Coop Vadla og busstoppet på kaien. Grunngjeve med auka trafikk og høg fart, turisttrafikk om sommaren, bruk som omkøyringsveg for RV13 og Rødsliane, og at vegen bind saman sentrale funksjonar i bygda.
Arealstorleik	Total strekning ca 1,4 km
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
G/S-veg handlar om trafikktryggleik. Ein kan ikkje løyse realiseringa i KPA, men ein tilrår at reguleringsplan R124 som inneheld g/s-veg på mesteparten av strekninga framleis skal gjelde. I tillegg er det viktig å forlenge vestover, dvs mellom Melandsmokrysset og til butikken i Vadla, slik at ein oppnår samanheng mellom viktige funksjonar i bygda (grendehus/bedehus/leikeplass og butikk/kai)
Kommunedirektøren si tilråding
Legg inn framtidig gang-og sykkelveg frå Melandsmokrysset til Vadla forretning (resten framgår av reguleringsplan)
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Innspel 23 – Samleveg Årdal kyrkje



Forslagsstillar	Jon Ove Mæle og Gunnar Bø
Stad. Gnr/Bnr.	103/59 & 103/99 (103/94 & 103/101)
Gjeldande kommuneplan	Offentleg eller privat tenesteyting
Gjeldande reguleringsplan	103/94 LNF i reguleringsplan R96
Skildring av området	Området går over fulldyrka mark langs kyrkje og kyrkjegard.
Skildring av forslag	Ta ut samleveg mellom Melevegen og Kyrkjevegen. Grunneigarar av 103/59 og 103/99 ber om at planlagd ny veg over eigedomane blir teken ut. Grunngjeve med jordvern, at vegen gir ny kryssing av eksisterande gang- og sykkelsti langs Kyrkjevegen, og at han gir meir trafikk inn mot skuleområdet på Melevegen, der mange går til skulen. Dei meiner òg at behovet for vegen fall bort då omsorgssenteret vart vedteke nedlagt.
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
Det har kome innspel frå grunneigarar om å ta samlevegen ut av planen, og innspel frå Årdal bygdaråd (innspel 32) om å behalde han. Hovudføremålet med vegen var å leggje tilkomsten til bustadområda vekk frå skulen og omsorgssenteret. Omsorgssenteret skal leggjast ned, og det blir tilrådd å endre føremålet til bustad i ny plan. Dermed fell noko av grunngjevinga for vegen bort, sjølv om det kan vere ulempe å ha gjennomgangstrafikk gjennom bustadformålet. Dette

må ein eventuelt sjå nærare på detaljerte løysingar ved regulering av bustadfeltet. Vegen har både fordelar og ulemper for trafikktryggleiken. Den vil gi mindre trafikk på vegen forbi skulen, men samstundes gi eit nytt kryssingspunkt på gang- og sykkelvegen frå sentrum til skuleområdet. Traséen går over dyrka mark, og det er registrert nokre kulturminne i området der vernestatusen er uavklart. Fordelane med vegen blir vurdert ikkje å vere store nok til å vege opp for tapet av dyrka mark og mogleg konflikt med kulturminne.
Kommunedirektøren si tilråding
Innspelet vert tatt til følgje. Ein tilrår å ta vegen ut av planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Innspel 31 – Ny trase FV Nessa





Forslagsstillar	Synnøve Nag Soppeland
Stad. Gnr/Bnr.	141/2, 141/6 og 141/1,8
Gjeldande kommuneplan	LNFR med omsynssone infrastruktur, mogleg framtidig fylkesveg-trasè (markert med skravur i kartutsnitta)
Gjeldande reguleringsplan	Heilt i nord går omsynssona så vidt inn i regulert område R134, her LNF. (ein plan som er foreslått planvaska ut)
Skildring av området	Mellom gardsbruk og bustad, fulldyrka mark.

Skildring av forslag	Eigar av gnr. 141/2, eit heiltidsbruk med svineproduksjon, ber om at den alternative traséen for Nessavegen blir teken ut av kommuneplanen. Traséen går gjennom garden, tett inntil driftsbygningane og over den beste dyrka jorda. Omsynssona avgrensar utviding av driftsbygningar og bygging av ny gjødselkum, og han skaper òg ulemper for naboar. Traséen har lege i planen i mange år utan framdrift. Innspelsgivar meiner nytten er liten, sidan omlegginga berre fjernar ein sving medan hovudproblemet er strekninga langs sjøen. Ei eventuell utbetring mot Store Nessa bør heller vurderast langs Nessavatnet.
Arealstorleik	Strekningen er ca 270 m lang
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering



Infrastruktursona går over fulldyrka mark og tett inntil driftsbygningar og bustad. Traséen vil òg få brattare stigning enn dagens trasé, med mindre det blir gjort større inngrep.

Nytten av ein ny trasé her blir vurdert ikkje å vere stor nok til å vege opp for tapet av dyrka mark og ulempene ift landbruksdrift

Vurderinga heng òg saman med at ein tilrår å ta ut regulert hyttefelt R134 Nessavatnet hyttefelt, med ca 50 hytter. Dette vil redusere ei forventa auke i trafikkmengd mellom hyttefeltet og sjøen.

Kommunedirektøren si tilråding

Innspelet vert tatt til følgje, og infrastrukturområdet tas ut av plankartet.

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming

Som tilrådd.

Innspel 32 – Årdal bygdaråd

Det er komme innspel på fire punkt som går på samferdsel frå Årdal bygdaråd:

1. Svadberg er ett av to områder i kommunen som er avsatt til industri. I dette området har trafikken fra R13 og bort til industriområdet økt betraktelig de siste årene. Her kommer det inn både bekymring og innspill om at det bør sikres areal til å både lyssette og utbedre veien, tilpasset tungtrafikk og myke trafikanter.

Kommunedirektøren si tilråding:
Ein tilrår å ta Svadberg/Meløsyra-området ut av denne planprosessen, og legg opp til avklaring i eigen kommunedelplan for området.

2. I dagens arealplan ligger det inne muligheter for å legge om veien mellom skole- og omsorgssenter. Dette ønsker vi å beholde i en fremtidig arealplan. Det er uheldig med dagens veitrase som går tett på skole, barnehage og omsorgssenteret.

Kommunedirektøren si tilråding :
Vurderinga for dette framgår for innspel 23 ovanfor. Ein tilrår å ta vegen ut, dvs ikkje i møtekome innspelet.

3. Innbyggerne fra Tjentland og ned til Storabrunå mangler gang og sykkelsti ned til den fylkesveien som går inn til skolen. Det bør ligge inne areal slik at gangstien kan realiseres.

Tilråding:
Gong- og sykkelvegen er her regulert inn i ein eldre reguleringsplan for masseuttak Soppeland. Ein tilrår å oppheve den reguleringsplanen pga andre årsaker (framgår av notat Planvask reguleringsplanar). Men ein tilrår samstundes å oppretthalde råstoffutvinningsområdet med krav om ny reguleringsplan, herunder krav om regulering av g/s-feltet. G/S-feltet blir lagt inn i plankartet for kommuneplanen, altså vidareført.

4. I tillegg bør man sette av areal til en fremtidig utvidelse av "Storabrunå", slik at det er to felt over broen. Det er sannsynlig at trafikken gjennom Årdal kan øke betraktelig fremover blant annet grunnet økt industri og økt turisme.

Tilråding:
Ein er samd i at det er viktig å binde saman g/s-veg-nettet, og kryssinga på brua over elva er pr i dag ikkje trafikktrygg; kun køyrefelt/smalare vegbane over brua. Er skilta med einvegskøyring, men ikkje tilrettelagd for mjuke trafikkantar. Tiltaket må òg sjåast i samanheng med ein eventuell framtidig ny RV13 gjennom Årdalstunnelen. Dersom den

blir realisert vil trafikkgrunnlaget bli vesentleg redusert. Ein tilrår likevel å leggje inn framtidig g/s-veg langsmed brua for å markere at dette er eit strekk som bør prioriterast for betre trafikktryggleik.

Innspel 113 – Parkeringsplassar Lyngsheia



Forslagsstillar	Egeland utmarkslag
Stad. Gnr/Bnr.	126/21
Gjeldande kommuneplan	LNFR, ved vestre felt er det p-plass litt lengre søraust en innspel
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Austre felt:  Vestre felt: 
Skildring av forslag	Egeland utmarkslag ønskjer å etablere to parkeringsplassar i Lyngsheia for bubilar og turgåarar om sommaren. Bakgrunnen

	er aukande trafikk rundt Sandvatnet, der mange parkerer på møteplassar og andre ueigna stader. Den austre plassen har allereie avkøyrsle frå fylkesvegen, sidan han tidlegare vart nytta som riggplass. Den vestre plassen ligg inne i gjeldande plan, men utmarkslaget ønskjer å flytte han noko lenger vest, og han treng ny avkøyrsle. Begge plassane skal i første omgang grusast og merkast, og skal opparbeidast og drivast privat med betaling.
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
Etablert parkering er i utgangspunktet positivt, då det vil få bilar vekk frå vegkanten. Plasseringa av dei føreslåtte områda er likevel utfordrande, særleg for det austre feltet. KU/ROS konkluderer med at det austre feltet ikkje vert tilrådd, då det vil vere svært synleg i terrenget/landskapet. For det vestre feltet vert det vurdert som føremålstenleg å utvide den eksisterande parkeringsplassen for å samlokalisera inngrepa.  Forslaget er eit nytt parkeringsområde på ca. 1,7 daa. Arealet gjev god plass til minst 20 plassar mot betaling for bubil/campervan, i tillegg til parkering for grunneigarane innanfor ei sperring innerst på området. Ved behov for meir kapasitet bør det vurderast om det finst alternative plasseringar som er betre skjerma i landskapet.
Kommunedirektøren si tilråding
Legg inn parkeringsplass, utan plankrav, maks 1,7 daa.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Eksisterande parkeringsplass reduserast til faktisk storleik. Parkeringsplassane i innspelet er lagt inn i forslag til ny arealdel.

Innspel 118 – Ny veg Viganeset-RV13



Forslagsstillar	Næringsforeningen i Stavanger-Regionen
Stad. Gnr/Bnr.	71/1, 71/2, 71/3, 70/6, 70/5, 69/10
Gjeldande kommuneplan	LNFR, omsynssone – bevaring kulturmiljø
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Landbruksområde med fulldyrka mark og innmarksbeite, kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse
Skildring av forslag	Forslag ny vegtrase mellom Viganeset og RV13, «*Vi anbefaler derfor at det sikres en avsatt båndleggingssone for mulig fremtidig fylkesvegtrasé i ny kommuneplan, slik at det muliggjør en grundigere utredning av alternativet.*»
Arealstorleik	
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
Ny veg i Viga vil løysa fleire sentrale problem knytt til dagens trafikkavvikling gjennom Viga, sjå rapport frå Vial: Vial - Viganeset. Transportbehov/trafikkmengd og trafikktryggleik, som er peika på som alvorlege utfordringar med dagens løysning, vil betrast merksamt om ny veg gjennom Viga blir realisert. I rapport frå Rogaland fylkeskommune, Analyse av veg i Viga - Rogaland fylkeskommune og Kalkyle - veg i Viga, kjem det fram at ny veg gjennom Viga truleg blir dyrare enn full oppgradering av eksisterande veg då det er mykje usikkert rundt kva grunnarbeid som må gjerast for å realisera alternativet. Fylkeskommunen peikar òg på at dei beste alternativa for vegavvikling gjennom Viga ikkje lar seg realisera med dagens avsette middel. Det er knytt usikkerheit til finansiering av større tiltak.

Vidare peikar rapporten frå Rogaland fylkeskommune på at alternativet med ny veg «berører kulturminneområde». Avdeling for plan- og kulturmiljø i fylkeskommunen greidde meir ut om dette i regionalt planforum, der dei peika på at ny trasé vil gå gjennom eit område med automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi, og at «forslaget om ny vei vurderes derfor som svært konfliktfullt.» Innspel 137 frå Fortidsminneforeininga Ryfylke lokallag legg òg vekt på desse forholda. Sjølv om kulturminna ikkje skulle bli råka direkte, vil den samla opplevinga bli forringa. Jamvel innspel 36 peikar på kulturmiljøet.

Kulturminne og kulturmiljø skal, jamfør samfunnsdelen til kommuneplanen, takast vare på «for å bevara vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling.»

Grunneigarar har i innspel 36 og 141 peika på landbruksinteressene i området. Ny veg gjennom Viga vil bygga ned både dyrka mark og beitemark. Sjølv om innspelet i denne omgang berre går på bandlegging, vil det vera uheldig om dyrka areal eller beitemark i produksjon blir bandlagt i arealdelen når det er usikkert om ny veg lar seg realisera.

Jamvel interessene i landbruket er nemnde i føremåla i samfunnsdelen til kommuneplanen: «Me skal sikra eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet.»

Sjølv om ny veg ville løyst mykje av utfordringa med trafikkavviklinga i området, kan ikkje kommunedirektøren tilrå å ta inn innspelet. Det er betydeleg usikkerheit knytt til om ny veg lar seg finansiera. Vidare vil landbruks- og kulturminneinteresser fort gjera at andre tiltak for å betra trafikkavviklinga er meir ønskelege.

Kommunedirektøren si tilråding

Ikkje tilrådd tatt inn

Området blir vidareført som LNF og omsynssone bevaring kulturmiljø

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming

Som tilrådd.

Innspel 36 – Grunneigar 71/2,3,4 (118)

Innspelet gjeld gnr. 71 bnr. 2, 3 og 4 i Viga. Innspelshavarane ønskjer at eigedommen ikkje blir avsett til samferdselsføremål eller andre føremål enn LNF i kommuneplanen

sin arealdel. Dei grunngjev dette med at arealressursane skal brukast til vidare landbruksdrift.

Innspelet ber i tillegg om at omsynssona for kulturmiljø i Viga blir vidareført, med avgrensing i samsvar med arealet som er vist som kulturmiljø med nasjonal verdi i Riksantikvaren sin rapport «Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse Rogaland».

Vurdering:

Sjå samla vurdering under innspel 118

Innspel 137 – Fortidsminneforeininga Ryfylke lokallag (118)

Fortidsminneforeininga viser til innspelet «Vegvurdering Viganeset», som Prosjektil har levert på vegne av Næringsforeninga i Stavangerregionen, avd. Hjelmeland. Det innspelet grunngjev betre vegtilkomst med framtidig industriutvikling og auka tungtransport til Viganeset. Foreininga går ut frå at arbeidet byggjer på utgreiingane frå 2002–2003, der ein vegtrasé frå Hausken til Viganeset vart vurdert.

Foreininga peikar på at traséen vil gå gjennom eit område som Riksantikvaren har registrert som kulturmiljø av nasjonal interesse. Dei viser òg til at Rogaland fylkeskommune i brev av 13.05.2011 uttrykte bekymring for kulturmiljøet, og at kulturseksjonen då varsla motsegn dersom alternativet gjennom Viga vart fremja.

Foreininga er alvorleg bekymra for konsekvensane for eit uerstatteleg kulturmiljø. Sjølv om vegen ikkje direkte skulle øydeleggje museumstunet, bygdeborga, gravminna og dei andre kulturminna i området, vil opplevinga av dei bli forringa.

Vurdering:

Sjå samla vurdering under innspel 118

Innspel 141 – Grunneigarar ny veg (118)

Grunneigarar i Døvik, Mjølhus, Nedre Hauskje, Hauskjevågen og Viga er sterkt imot ny tilkomstveg til Viganeset og ber fylkeskommunen seie nei. Traséen har vore lagt bort fleire gonger sidan 2003. Grunngjevinga er tap av dyrka jord og beite og oppdeling av aktive gardsbruk, inngrep i kulturmiljø av nasjonal verdi med automatisk freda kulturminne (fylkeskommunen har tidelgare varsla motsegn), verdifull natur og negative følgjer for bumiljøet. Grunneigarane meiner òg at vegen blir dyr og lite eigna for tungtransport i bratt terreng, og at han ikkje løyser trafikken via Hundsnes. Ingen av grunneigarane vil avstå grunn frivillig.

Vurdering:

Sjå samla vurdering under innspel 118

Innspel - Regionalt planforum Rogaland (118)

Ny vegtrase mellom Viganeset og RV13 vart tatt opp på regionalt planforum, og vart kommentert av avdeling plan og kulturmiljø i fylkeskommunen:

I kart fra kommunen er det vist forslag til ny vei fra Viganeset til RV13. Den går gjennom et unikt kulturmiljø, som består av Vigatunet, med flere bygg, og automatisk freda kulturminner av nasjonal verdi. Forslaget om ny vei vurderes derfor som svært konfliktfullt.

Vurdering:

Sjå samla vurdering under innspel 118

Kommunalt innspel 1 – Parkering Åse



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	123/3
Gjeldande kommuneplan	LNFR
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Ope, snautt kulturlandskap, glissen bjørkeskog i skråning ned mot fossen.
Skildring av forslag	Etablering av parkeringsplass ved attraksjonen, Rykandfossen.
Arealstorleik	Det er spelt inn to alternative løysingar for parkering og snuplass ved Rykandfossen, med plass til 5-10 bilar.

0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
Vegen inn frå Songesandvegen til Åse ca 4 km, derav første ca 1,5 km kommunal deretter privat, med betalingsordning. Betyr at vegen inn til attraksjonen blir drifta privat av eigar på Åse. P-plassen må etablerast i samarbeid med grunneigar. Dei to alternativa ligg begge på vestsida av vegen/mot Fossen. Begge ligg svært eksponert i landskapet, og dels på høydeknekk. Og pga at terrenget fell bratt ned på vestsida, vil det medføre ein god del terrenginngrep (fylling?muring?)for å få til stor nok plass på ein fin måte. Ved val av løysing blir det lagt vekt på trafikktryggleik ved avkøyrsle, god terreng- og landskapstilpassing og minst mogleg inngrep i vegetasjon og omsyn til vassdraget. Ein har difor vald å plassere p-plassen på ein ny/alternativ plass 20 m nord for alternativ 2, på austsida av vegen. Her er det ein flate langsmed vegen der det ikkje er myr eller vassdrag som blir berørt. Det skal relativt lite inngrep til for å planere ut ein grusplass her. Plasseringa er vist på skisse under: 
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje arealet inn som parkeringsplass med retningslinjer for utforming.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Kommunalt innspel 2 – Nes, Årdal



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	Nes, 127/20 og 127/1/1, i enden av kommunal veg Rivelandsvegen
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Ligg i enden av kommunal veg, Rivelandsvegen. Innfallsport for tustinettverk
Skildring av forslag	Oppretthalde dagens opparbeidde parkeringsareal
Arealstorleik	Ca 3,2 daa
0-alternativ	

Vurdering
Det er allereie ein opparbeidd parkeringsplass i enden av Rivelandsvegen, med skilttavler/info om turstinettverk og historisk vandrerute inn Viglesdalen + tilrettelagd toalett som kommunen driftar. Det er innimellom stor pågang på parkeringsplassen, og det er opparbeidd meir p-areal på festetomta 127/1/1 langsmed kommunal veg like før p-plassen. Det kan vere behov for å oppgradere toalettbygget, som pr i dag ligg mellom dei to parkeringsareala. Det er kartlagd viktig naturverdi i kanten av p-arealet langs vegen; rik edellauvskog, så det er viktig å unngå ytterlegare inngrep innover i skogen/mot skråninga. Difor blir parkeringsarealet avgrensa. Det er likevel viktig å oppretthalde det p-arealet som er opparbeidd for å imøtekome behovet, leggje til rette og «ta toppane» for store utfartsperiodar i året. Då plassen alt er opparbeidd er det ikkje gjort KU/ROS.
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje opparbeidd areal inn som parkeringsplass.

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Kommunalt innspel 3 – Gjessfjell



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	98/1 Gjessfjell, i enden av kommunal veg Gjessfjellvegen
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Ligg på ca 260 moh, innfallsport til turområde.
Skildring av forslag	Oppretthalde opparbeidd parkeringsplass
Arealstorleik	Ca 0,6 daa, ca 12 p-plasser, skilttavle
0-alternativ	

Vurdering
Det er viktig å oppretthalde allereie opparbeidd p-plass som ein innfallsport til turområdet. Storleik dekker behovet, og foreslår difor ikkje utviding. Då plassen alt er opparbeidd er det ikkje gjort KU/ROS.
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje eksisterande p-plass inn som parkerings-areal
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Kommunalt innspel 4 – Åsland, Jøsneset



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	Åsland, 16/3, i enden av kommunal veg, Åslandsvegen
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Ligg på ca 250 moh, innfallsport til turområde/merka turstiar
Skildring av forslag	Oppretthalde opparbeidd p-plass
Arealstorleik	Ca 0,4 daa, ca 10-12 p-plasser
0-alternativ	

Vurdering
Plassen er nyleg opparbeidd med SMIL-midler, for å avlaste tur-parkering inne i privat tun. Det er viktig å oppretthalde plassen som innfallsport til turområdet Då plassen alt er opparbeidd er det ikkje gjort KU/ROS.
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje eksisterande p-plass inn som parkerings-areal
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Kommunalt innspel 5 – Eventyrskogen, Skogerbøvegen, Årdal.



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	Skogerbøvegen, 108/1
Gjeldande kommuneplan	LNFR
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Opparbeidd p-plass like sør for turistattraksjonen Eventyrskogen, og innfallsport til turområde. Kommunen drifter offentleg toalett på plassen.
Skildring av forslag	Oppretthalde som p-plass
Arealstorleik	Ca 400 m2, langsmed kjørevegen. Ca 25 p-plasser
0-alternativ	

Vurdering
Det er viktig å oppretthalde allereie opparbeidd p-plass som ein innfallsport til turområder og til attraksjonen Eventyrskogen Ved enkelte arrangement kan plassen bli for liten, men foreslår ikkje utviding då den stort sett dekker behovet. Då plassen alt er opparbeidd er det ikkje gjort KU/ROS.
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje eksisterande p-plass inn som parkerings-areal
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Tatt ut av planforslaget

Kommunalt innspel 6 – Bjødnabu, Hjelmeland



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	63/1-3, I enden på kommunal veg Husstølvegen
Gjeldande kommuneplan	LNFR
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Opparbeidd p-plass innfallsport til turområde, lysløyper og friluftsarena. Idrettslaget har eit eldre «klubbhus» i området, og RødeKors har ein utstyrs/lagerbygg. Kommunen drifter offentleg toalett på plassen. Området er tilrettelagd med lysløype (Idrettslaget) og gapahuk/bord-benker, grillplass (Turlaget). Området blir brukt til ulike utandørsarrangement.
Skildring av forslag	Oppretthalde som p-plass
Arealstorleik	Ca 2 daa, ca 80 p-plasser, asfaltert, dels oppmerka plasser
0-alternativ	

Vurdering
Det er viktig å oppretthalde allereie opparbeidd p-plass som ein innfallsport til tur/friluftsliv/idretts-aktivitetar. Ved enkelte store arrangement kan plassen bli for liten, men foreslår ikkje utviding då den stort sett dekker behovet. Då plassen alt er opparbeidd er det ikkje gjort KU/ROS.
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje eksisterande p-plass inn som parkerings-areal
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Kommunalt innspel 7 – Fundingsland – Vormedalen



Forslagsstillar	Hjelmeland kommune
Stad. Gnr/Bnr.	38/1, Fundingslandsvegen, i enden av fylkesveg 4682,
Gjeldande kommuneplan	LNFR og bandlagd Verna vassdrag
Gjeldande reguleringsplan	-
Skildring av området	Enkelt opparbeidd p-plass i lett skrånande terreng sør for fylkesvegen, og inn mot Tøssåna. Med skilting til turområder/verneområder, og offentleg toalett drifta av kommunen . Plassen har òg hyttecontainer.
Skildring av forslag	Oppretthalde som p-plass
Arealstorleik	Ca 1 daa – ikkje oppmerka, plass til +/- 20 bilar
0-alternativ	

Vurdering
Det er viktig å oppretthalde allereie opparbeidd p-plass som ein innfallsport til turområder/Vormedalsheia. Blir òg brukt av hytteeigarar i heia. Foreslår ikkje utviding då den normalt sett dekker behovet. Viktig at det ikkje blir gjort inngrep/tiltak nærare vassdraget. Då plassen alt er opparbeidd er det ikkje gjort KU/ROS.
Kommunedirektøren si tilråding
Leggje eksisterande p-plass inn som parkerings-areal
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

3. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan

Samferdsel i gjeldande kommuneplan	Tilråding
Tilkomstveg Melslia, Årdal	Leggje inn som del av framtidig bustadfelt, med krav om felles plan for ny tilkomstveg til eksisterande bustadfelt Melslia
G/S-veg Klokkarjordet-Mosnes, Fister	Vidareføre
G/S veg Riskadalsvatnet, Årdal	Vidareføre, må sjåast i samanheng med ny RV
G/S-veg Fister sentrum	Vidareføre
Parkering Kleivaland, Vormedalen	Justere avgrensing til dagens situasjon
Parkering Lyngsheia (Folkehjelpshytta)	Ta ut, er nok p-areal langsmed vegen.
Parkering Hovda, Randøy	Flytte og endre avgrensing
Parkering Kaldavatn, Bønardalvegen, Årdal	Ta ut
Ny RV13 Svadberg-Riskadalsvatnet, Årdal	Inngår i eigen kommunedelplan
Ny RV13 Riskadal-Flathetland-Mjølhus Infrastruktursone	Relevant å oppretthalde sjølv om det ikkje er umiddelbare planar om trasèomlegging/forkorting med tunnel
Ny FV Kåda, Randøy, Infrastruktursone	Ta ut

KU/ROS gjeldande KPL
G/S-veg Klokkarjordet-Mosnes, Fister
G/S veg Riskadalsvatnet, Årdal
G/S-veg Fister sentrum
Parkering Hovda, Randøy
Ny FV Kåda, Randøy

Tilkomstveg Melslia, Årdal

Område	
Eigedom	

Kommuneplanen



Tiltak	Omlegging av tilkomstveg til eksisterande Melslia bustadfelt
Føringar i Kommuneplan	Rød linje i gjeldande KPL. Avbøtande tiltak i forhold til grunn- og stigningsforhold må avklarast nærare på detaljplannivå
Status område	Landbruksområdet, i hovudsak LNF i kommuneplan.
Ubebygd areal (planreserven)	Beite , skog
Markslag (ar5) for planreserven	
Tidlegare KU/ROS	Kommuneplan 2019

Vurdering

Melsliå Vel har fleire gonger peika på behovet for ein tilkomstveg med tilfredsstillande standard. Dagens veg har vore i bruk sidan feltet vart etablert i 1974. I ei sak frå 2012 viste velforeininga til at dei første som busette seg i feltet, oppfatta vegen som ei mellombels løysing.

Ny tilkomstveg har lege inne i KPL i over 20 år. Det har kome fram at det tidlegare er arbeidd med saka/kostnadsrekna, men har ikkje funne dokumentasjon på dette arbeidet. Det er derfor uklart kva som er vurdert når det gjeld aktuell trasé og tilkopling til RV 13.

Ei ny bru til området er vurdert som lite føremålstenleg. Det er truleg betre å oppgradere den eksisterande brua.

Ettersom det er usikkerheit kor den mest optimale linjeføringa bør gå, tilrår ein å ta ut samferdselslinja (rød linje i kart). Men ein tilrår at dette blir sett i samanheng med eventuell regulering av nytt foreslått bustadfelt i Melslia; dvs krav om felles plan for både bustadfeltet og eventuell ny tilkomstveg til eksisterande bustadfelt, og binde desse saman, og med ny tilkopling til RV 13 . Ein tilrår difor ei utvida gjennomføringssone med krav om felles planlegging, der tilkomstvegen skal vere ein del av planen.



Forslag til gjennomføringssone i kartutsnitt over

Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut eiga samferdselslinje (rød strek), men legge inn gjennomføringssone (skravur) med krav om felles reguleringsplan saman med **nytt** bustadfeltet i Melslia, der tilkomstveg til **eksisterande** bustadfelt Melslia skal vera ein del av planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

G/S-veg Klokkarjordet-Mosnes, Fister



Område	Langsmed fylkesveg 4674, Nesvegen - Fisterneset
Eigedom	Traseen vil berøre svært mange eigedommar langs fylkesvegen, både bustatomter, fritidsbustader og gardsbruk
Kommuneplanen	Ligg inn som framtidig g/s-veg
Tiltak	Gang- og sykkelveg langs FV 634.
Føringar i Kommuneplanen	Krav om reguleringsplan før utbygging. Traséen skal fortrinnsvis vurderast som gang- og sykkelveg på vestsida av Fylkesveg: i alle fall i områda lengst i nord og der terreng/busetnad forhold tillét det. Forøvrig vurderast enklare standard: gangveg el fortau.
Status område	Gang/sykkelvegen er ikkje realisert. Fylkesvegen er relativt smal og svingete, og går gjennom etablerte bustad/fritidsbustad-område, der mange hytter hus ligg relativt tett på vegen.
Ubebygd areal (planreserven)	
Markslag (ar5) for planreserven	Stort sett bebygd, men òg fulldyrka mark og beite.
Tidlegare KU/ROS	

Vurdering

Gang- og sykkelveg ligg inne i gjeldande KPL som upresis linje, dvs endeleg trasè er ikkje fastsett. Dette er truleg eit relativt krevjande prosjekt, då mange hytter/hus ligg tett på vegen, og dyrka mark kan bli berørt. På delstrekningar er det òg krevjande/bratt terrereng. Kommunedirektøren meiner likevel det viktig å oppretthalde tanken om ei betre løysing for mjuke trafikkantar langs Nesvegen. Sidan førre planrevisjon har det òg blitt gitt rom for trafikkauke utan krav til tilrettelegging langsmed vegen; td nyleg regulert hyttefelt på Nordskår, ca 50 hytter og andre reguleringsplanar for meir

hyttebygging (Nordksår 82/2, 20 hytter, Eikelid). I tillegg er det nå fastlandssamband til Helgøy, so truleg òg generere noko auka trafikk. Langs Fisterneset er det ei blanding av hytter og hus, og det viktig å leggje til rette for gode og tryggare forbindelselinjer mellom bu-og rekreasjonsområda og inn mot Fistervågen/skule/barnehage/butikk. Må tas omsyn til aktsemdsområde fare (td skred/ras/grunnforhold) fulldyrka mark og eksisterande busetnad ved evt. tiltak. Ein g/s-veg her vil ha store positive effektar på trafikktryggleik, kople bygda betre saman og være ein flott plass for tur og aktivitet.
Kommunedirektøren si tilråding
Oppretthalde som framtidig g/s-veg i planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

G/S-veg Riskadalsvatnet, Årdal



Område	Langs vestsida av Riskedalsvatnet, Årdal
Eigedom	
Kommuneplanen	Ligg inne som framtidig gang- og sykkelveg
Tiltak	Gang- og sykkelveg langs RV13
Føringar i Kommuneplanen	-
Status område	RV13 – landbruksområde på vestsida, Riskedalsvatnet mot aust.
Ubebygd areal (planreserven)	

Markslag (ar5) for planreserven	
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Linja i gjeldande kommuneplan er upresis, og det går ikkje klart fram kva side av vegen gang- og sykkelvegen skal liggje på. Men pga terrengforhold mest aktuelt på austsida mot vatnet, sjølv om det vil medføre fyllingar i vatnet. Ein g/s-veg vil uansett ha positiv effekt for dei fastbuande i Riskadal, og for sykkelturistar langs hovudvegen, både for trafikktryggleiken og for sambandet til Årdal sentrum. Tiltaket må sjåast i samanheng med eventuell ny RV13/Årdalstunnelen, og eventuell henge saman med bruk av overskotsmasse. Det må gjennomførast ny KU/ROS dersom det kjem eit konkret forslag.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Oppretthalde som framtidig g/s-veg i planen.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd, men med forlenging sørover.	

G/S-veg Fister sentrum



Område	Langsmed Fv 4678, Fistervegen, frå Jokerbutikken til naustområdet Lid.
Eigedom	Tiltaket vil berøre fleire eigedommar langs strekket.
Kommuneplanen	Framtidig g/s-veg.
Tiltak	Gang- og sykkelveg, Fister sentrum
Føringar i Kommuneplanen	ingen
Status område	Ikkje realisert

Ubebygd areal (planreserven)	Landbruksareal og bustader
Markslag (ar5) for planreserven	Dels dyrkamark, kansone elv
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Tiltaket vert teke med vidare. Truleg er fortau eller ei liknande enkel løysing mest aktuelt på denne strekninga. Må sjåast i samanheng med regulert bustadområde Solstrand, der gang- sykkelveg er innregulert. Bekken/elva må kartleggjast med omsyn til naturverdiar, og det må vurderast korleis tiltaket kan gjennomførast utan store negative konsekvensar.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Oppretthalde som framtidig g/s-veg i planen fram til regulert trasè i reguleringsplanen for Solstrand bustadfelt.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

G/S veg Krofjell – Steinslandsvatnet – Vormedalsvegen



Område	Nordside av Steinslandsvatnet, Hjelmeland – langsmed fylkesveg 4682
Eigedom	Fleire eigedommar
Kommuneplanen	Rundt heile Steinslandsvatnet er det lagt inn framtidig turveg, dette gjeld òg langsmed fylkeveg 4682, Vormedalsvegen.
Tiltak	Gang- og sykkelveg
Føringar i Kommuneplanen	For heile turvegen rundt vatnet: «*Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trasè i plankartet er kun rettleiande. Ved endeleg trasèvalg skal ein ta omsyn til vassdrag og kantsoner, dyrka mark, tun og fast busetnad*».

Status område	Ligg som turveg i gjeldande plan
Ubebygd areal (planreserven)	
Markslag (ar5) for planreserven	Mesteparten fulldyrka jord, men òg overflatedyrka og open fastmark/fjellskrent mot vatnet
Tidlegare KU/ROS	

Vurdering

Det er viktig å leggje til rette for trafikktrygg ferdsel for gåande og syklande. Etter etablering av industri i Vormedal har det auka på med tungtrafikk/dagpendling.

Traseen ligg inne i gjeldande plan som «turveg», og det er framleis eit mål å få til samanhengande turveg rundt heile vatnet. Men på den delen som gjeld langs fylkesvegen, blir traseen lagt inn som g/s-veg. Det er nokre utfordrande parti, td forbi Krofjell, med bratt skjæring og smalt mot vatnet. Detaljutforming gjennom reguleringsplan.

I forhold til trasè som ligg inne i gjeldande plan frå 2019 foreslår ein nå å forlenge traseen:
- i vest, langsmed industriområdet i Almenningen og over/langs Osabrunå, med kopling til eksisterande g/s-veg nord mot Hjemelandsvågen.
-i aust mot bru/kryss v/Bygdavegen/busshaldeplass

Kommunedirektøren si tilråding

Turvegen endrast til g/s-veg langs fylkesvegen Vormedalsvegen.
Traseen forlengast i vest og aust.
Resten av turvegen på sørsida av vatnet behaldast som turveg.

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming

Som tilrådd.

Parkering Kleivaland, Vormedalen



Område	Kleivalandsvegen, kommunal veg
Eigedom	42/2
Kommuneplanen	Parkering
Tiltak	Parkeringsplass - Utfartsområde: turistforeininga sitt rutenett Vormedalsheia/Ryfylkeheiane
Føringar i Kommuneplanen	Ingen
Status område	Eksisterande, men avgrensing er upresis.
Ubebygd areal (planreserven)	0
Markslag (ar5) for planreserven	Opparbeidd p-plass
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Eksisterande parkeringsplass. Justere avgrensinga til dagens situasjon, og unngå meir inngrep i elvesone og dyrka mark.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår vidareført, med oppdatert avgrensing i samsvar med etablert p-plass.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Parkering Lyngsheiå v/ Folkehjelpshytta - Songesandvegen



Område	Fylkesveg 4668, Songesandvegen, Lyngsheia, Årdal
Eigedom	128/32
Kommuneplanen	Viser to parkeringsareal: Sør for fylkesvegen: 18 daa framtidig parkeringsareal Nord for fylkesvegen/vest for folkehjelpshytta, ca 1daa
Tiltak	Parkeringsplass - Skiutfartsområde
Føringar i Kommuneplanen	Utviding av eksisterande parkering v/ folkehjelpshytta.
Status område	 Er langsgåande sidefelt for parkering på ca. 550 meter + ein mindre parkeringsplass rett framfor folkehjelpshytta
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 18 daa
Markslag (ar5) for planreserven	Myr og skog
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Her er det omtrent 550 meter med parkering langs vegen, som ei breiddeutviding av fylkesvegen. Ein vurderer det slik at dette dekker behovet for parkering i området. Utvidinga ved folkejhjelpshytta går ut på myr	
Kommunedirektøren si tilråding	

Ta ut dei to planlagde parkeringane.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Parkering Hovda, Randøy



Område	Ved Hovdavegen, fylkesveg 4680. Randøy
Eigedom	90/1
Kommuneplanen	Ca 4,3 daa ligg inne som framtidig p-plass
Tiltak	Parkeringsplass til badeplass/turområde i vest
Føringar i Kommuneplanen	Skal plasserast på austsida av Fylkesvegen
Status område	 Er opparbeida eit areal rett sør for området. Nytta som velte-/opplagsplass for tømmer.
Ubebygd areal (planreserven)	
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	

Behovet for denne må sjåast i samanheng med omsynssone friluftsliv i Surdal, innerst i Kådavågen.

Ein kjenner ikkje til at dette er eit intensivt utnytta tur/rekreasjonsområde, og framtidig p-plass på over 4 daa vurderast som for stor. Ein finn det meir relevant å redusere p-arealet til ca 0,5 daa, og flytte den litt lengre sørover, mot allereie opparbeidd opplagsplass. Slik kan dette heller kombinerast med utviding av eksisterande opplagsplass, men parkering må ikkje være til hinder for eksisterande næring og bruk.



Kommunedirektøren si tilråding
Tilrår å vidareføre p-plass, men med endra plassering og redusert areal
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Parkering Kaldavatn, Bønardalvegen, Årdal



Område	Bønardalen, Årdal
Eigedom	106/49
Kommuneplanen	Framtidig parkeringsplass
Tiltak	Parkeringsplass - Skiutfart/turområde

Føringar i Kommuneplanen	Skal etablerast som utviding av eksisterande p-plass.
Status område	Privat veg med bom, liten parkeringsplass
Ubebygd areal (planreserven)	
Markslag (ar5) for planreserven	
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Vegen fram til den planlagde parkeringsplassen er privat og har ikkje standard og stigningstilhøve som tilseier at ein bør leggja til rette for trafikkauke her.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta ut p-plassen.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Ny RV13 Svadberg-Riskadalsvatnet, Årdal



Område	Mele – til osen av Riskedalsvatnet, Årdal

Eigedom	100/4,12,14, 100/1,10,13,18, 100/3, 100/28, 101/1, 101/2,9,11,17
Kommuneplanen	Infrastruktursone for ev framtidig RV13 tras\e
Tiltak	Framtidige RV13 – strekningar som omsynssone infrastruktur. Delvis langs eksisterande vegtrasè i nord
Føringar i Kommuneplanen	*Alle strekningane skal inngå i ein overordna, heilskapleg kommunedelplan . Der traseane går i opent terreng skal omsynet til landskap, kulturminne, busetnad og landbruksdrift vurderast nøye i planprosessen*
Status område	Ikkje realisert, landbruk i dag
Ubebygd areal (planreserven)	
Markslag (ar5) for planreserven	Fulldyrka jord – kryssing elvesone Mælåna
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Inngår i området som ein tilrår å ta ut av planarbeidet for å utarbeide eigen kommunedelplan. Føremona med ny framtidig RV13-trasè her er at det vil gi ei betre/avkorta linjeføring, men vil ha negativ konsekvens for fulldyrka jord og omsyn til vassdrag/kryssing ny bru. Dersom ein skal tilrå å vidareførast må den KU/ROS-vurderast i forslag til ny kommunedelplan.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Avvente ny kommunedelplan Melsøyrane- Svadberg- Mele.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Ny RV13 Riskadal-Flathetland-Mjølhus



Ny riksveg frå Riskedal til Mjølhus, via Flathetland - stort sett tunnel

Eigedom	99/3, 99/1, 99/6, 99/2,4,7, 96/1, 79/4-5,9, 79/2, 79/1, 79/15, 70/6, 70/5, 70/8, 70/3
Kommuneplanen	Kom inn i 2011, ca. 4,7 km ny trasé.
Tiltak	Framtidige RV13 – strekningar som omsynssone infrastruktur. Dels tunnel, dels open trasé
Føringar i Kommuneplanen	«*Alle strekningane skal inngå i ein overordna, heilskapleg kommunedelplan . Der traseane går i opent terreng skal omsynet til landskap, kulturminne, busetnad og landbruksdrift vurderast nøye i planprosessen*»
Status område	Ikkje realisert
Ubebygd areal (planreserven)	Mesteparten i tunnel
Markslag (ar5) for planreserven	Mesteparten av traseen vil gå i tunnel, men beite/skogområde og noko fulldyrka vil truleg bli berørt av open trasè
Tidlegare KU/ROS	

Vurdering

Trasèomlegginga vil medføre at RV13 blir ein god del innkorta, ein unngår opp/nedstigning/svingar over høgdedraga Åsen og Ingvaldstad. Noko innkorta kjøretid. Forbetra framkommelegheit då mykje av traseen går i tunnel og ein unngår stigningar/svingar, men reiseopplevinga, jf Nasjonal turistveg, reduserast.

Sjølv om mesteparten går i tunnel, vil det truleg bli eit ope parti gjennom Hetlandsbygda. Dette er ei stor endring, som krev grundig KU/ROS. Sidan i første omgang tilrår å leggje arealet kun som omsynssone (for å «passe på» arealet for andre tiltak som kan vanskeleggjere ei eventuelll framtidig planlegging, gjer ein førebels ikkje KU/ROS av traseen.

Statens vegvesen opplyser at det er ingen umiddelbare/prioriterte planar om trasè-innkorting/tunnel her nå. Det er likevel viktig å oppretthalde arealet som ein potensiell framtidig trasè, og gjerne som omsynssone infrastruktur

Kommunedirektøren si tilråding

Oppretthalde omsynssone infrastruktur som i gjeldande plan med føringar om kommunedelplan for eventuelt strekk.

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming

Som tilrådd.

Ny FV Kåda, Randøy



Område	Ny fylkesvegtras
Eigedom	90/1, 88/1, 88/2, 87/3
Kommuneplanen	
Tiltak	Omlegging av FV 650 grunna auka trafikk i samband med sambindingsveg og auka hyttebygging
Føringar i Kommuneplanen	Av trafikktryggleikomsyn bør traseen leggjast utanom eksisterande tun
Status område	Ikkje realisert
Ubebygd areal (planreserven)	
Markslag (ar5) for planreserven	
Tidlegare KU/ROS	
Vurdering	
Av omsyn til naturmangfald, jordbruk, landskap og vasskvalitet/miljø vert det vurdert at nytta av ny veg ikkje er klart større en ulempene.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrå å ta ut.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

4. Oppsummering

Det er kome seks innspel til temaet, som både går på å ta ut trasear og å oppretthalde trasear, og òg heilt ny trasè, oppsummering for innspela:

Innspel 4	Ta ut RV-13 infrastruktursone Eiane	Ikkje imøtekome
Innspel 16og 28	g/s-veg fylkeseveg, Jøsenfjorden	Oppretthalde + forlenga
Innespel 23	Ta ut veg mellom Melevegen og Kyrkjevegen	Imøtekome
Innspel 31	Ta ut infrastruktursone fylkesveg Nessa	Imøtekome
Innspel 32	Fleire forhold i Årdal	Delvis imøtekome
Innspel 118	Ny veg Viga-Mjølhus,	Ikkje imøtekome
Kommunalt innspel	Ny P-plass Åse	Delvis imøtekome, endra plassering

5. Konsekvensutgreiing og ROS vurderingar

Innspel 16 & 28 - G/S-veg Jøsenfjorden

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Ikkje kartlagd. Geologisk arv - Vadla
Naturresursar		Vadla – Sand & grus
Jordbruk		Fulldyrka mark på delar av strekninga.
Skogbruk		
100-metersbeltet		Deler av strekninga vil være i 100-meters beltet, men vil ikkje ha særleg negative konsekvensar.
Landskap		Gang- og sykkelveg vil ikkje ha noko særleg stort fotavtrykk.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Automatisk freda kulturminne på fulldyrka mark rett før butikk på Vadla.

Friluftsliv og nærmiljø		Trygg gangveg kan gi bedra tilgang på turområde.
Vasskvalitet og vassmiljø		Tiltaket er på øvresida av vegen.
Forureining og klimagass		Ingen kjent konsekvens.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Bidra til å kople bygda betre saman,
Bumiljø og folkehelse		Tryggare veg mellom butikken og gamle skulen, føre til at fleire går i staden for å køyre.
Born og unge		Tryggare veg mellom butikken og gamle skulen.
Teknisk infrastruktur		Straum i området til gatelys.
Sosial infrastruktur		Betre kopling til sosial infrastruktur ved gamle skulen.
Transportbehov/ trafikkmengd		Kan føre til at fleire går til butikken og sosial infrastruktur, og med det redusere trafikkmengd/behov.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,3	Aktsemdsområde kvikkleire.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	2,2	Delar av område innanfor aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred.
Flaumfare	2,2	Flaumfare frå elva
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,2	Overgang frå g/s veg til bru ved gamle skulen kan potensielt være litt skummel

Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Potensielt avlaste vegnett.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

Innspel 32 - G/S-veg Tjentland-Årdalstunet

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd.**
Naturresursar		Årdal/Soppaland – Sand & grus
Jordbruk		Fulldyrka mark på store delar av strekninga.
Skogbruk		
100-metersbeltet		Ikkje relevant.
Landskap		Gang- og sykkelveg vil ikkje ha noko særleg større fotavtrykk.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Automatisk freda kulturminne på fulldyrka mark ved Soppaland.
Friluftsliv og nærmiljø		Trygg gangveg frå skulen via Årdalstunet til Tjentland.
Vasskvalitet og vassmiljø		Ingen kjend konsekvens.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konsekvens.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Bidra til å kople bygda betre saman,

Bumiljø og folkehelse		Trygg gangveg frå skulen via Årdalstunet til Tjentland, føre til at fleire går/syklar i staden for å køyre.
Born og unge		Trygg gangveg frå skulen via Årdalstunet til Tjentland.
Teknisk infrastruktur		Straum i området til gatelys.
Sosial infrastruktur		Betre kopling til sosial infrastruktur ved skulen og Årdalstunet.
Transportbehov/ trafikkmengd		Kan føre til at fleire går til butikken og sosial infrastruktur, og med det redusere trafikkmengd/behov.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,3	Delar av området innanfor aktsemdsområde kvikkleire.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	2,2	Liten del ved avkøyrsle til Valheim er innanfor aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred.
Flaumfare	2,2	Flaumfare frå elva
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,2	Kryssingspunkt ved avkøyrsle til Valheim.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Potensielt avlaste vegnett.

Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

Innspel 113 - Parkeringsplassar Lyngsheia

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd.**
Naturresursar		Reinsdyrområde
Jordbruk		
Skogbruk		
100-metersbeltet		Ikkje relevant.
Landskap		Spesielt austre felt er på ein veldig synleg og pregande plass i landskapet, særleg sett frå vegen. Viktige landskap i Rogaland.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt.
Friluftsliv og nærmiljø		Fasiliterer for parkering og tilgang på friluftsområde. Lyngsheia - Svært viktig friluftslivområde
Vasskvalitet og vassmiljø		Ingen kjend konsekvens.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konsekvens.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Ikkje relevant.
Bumiljø og folkehelse		Ikkje relevant.
Born og unge		Ikkje relevant.
Teknisk infrastruktur		Ikkje relevant.

Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		Ikkje relevant.
Beredskap		Ikkje relevant.

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire		Over marin grense.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	1,1	Ingen kjend risiko.
Flaumfare	1,1	Ingen kjend risiko.
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,1	Tiltaket kan føre til auka trafikksikkerheit, ved å få bilar vekk av vegskuldra og på parkeringsplass.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Få bilar vekk av vegskuldra, og betre forhald på vegen.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

Kommunalt innspel – Parkering Åse

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd.** Tiltaket er i tilknyting til Rykandfossen, kartlagd i 2004. Funn av ansvarsarter.
Naturresursar		Reinsdyrområde
Jordbruk		Ingen kjend konflikt
Skogbruk		Ingen kjend konflikt
100-metersbeltet		Ikkje relevant.
Landskap		Rett innanfor Viglesdalen Nasjonalpark. Landskapsvern
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt.
Friluftsliv og nærmiljø		Fasiliterer for parkering og tilgang på friluftsområde. Kartlagd tursti ved området.
Vasskvalitet og vassmiljø		Ta omsyn til elv/bekk ved tiltak.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konsekvens.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Ikkje relevant.
Bumiljø og folkehelse		Ikkje relevant.
Born og unge		Ikkje relevant.
Teknisk infrastruktur		Ikkje relevant.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		Ikkje relevant.
Beredskap		Ikkje relevant.

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire		Over marin grense.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	1,1	Ingen kjend risiko.
Flaumfare	2,2	Flaumfare nordre del av området frå bekk/myrområde i aust.
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,1	Tiltaket kan føre til auka trafikksikkerheit, ved å få bilar vekk av vegskuldra og på etablert parkeringsplass.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Få bilar vekk av vegskuldra, og betre forhald på vegen.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

G/S-veg Klokkarjordet-Mosnes, Fister

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd.**
Naturresursar		Ingen kjend konflikt.
Jordbruk		Fulldyrka mark på delar av strekninga.

Skogbruk		
100-metersbeltet		Deler av området innanfor 100-metersbeltet.
Landskap		Nasjonalt viktig landskap – Fisterøyene og austlege del av Fogn. Gang- og sykkelveg vil ikkje ha noko særleg større fotavtrykk.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt
Friluftsliv og nærmiljø		Trygg gangveg frå Mosnes til Fister sentrum.
Vasskvalitet og vassmiljø		Ingen kjend konsekvens.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konsekvens.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Bidra til å kople bygda betre saman.
Bumiljø og folkehelse		Trygg gangveg frå Mosnes til skulen, med unntak av overgang med Joker.
Born og unge		Trygg gangveg frå Mosnes til skulen, med unntak av overgang med Joker.
Teknisk infrastruktur		Straum i området til gatelys.
Sosial infrastruktur		Betre kopling til sosial infrastruktur ved skulen og butikken.
Transportbehov/ trafikkmengd		Kan føre til at fleire går til butikken og sosial infrastruktur, og med det redusere trafikkmengd/behov.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,3	Store delar av området innanfor aktsemdsområde kvikkleire.

Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	2,3	Delar av området innan aktsemdsområde for steinsprang, snøskred og jord- og skredfare.
Flaumfare	2,2	Flaumfare frå bekk på Sigmundstad
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,2	Ingen kjend risiko, evt. kryssingspunkt.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Potensielt avlaste vegnett.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

G/S-veg Riskadalsvatnet

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Delar av området er kartlagd, og det er naturverdiar på vestsida av RV13 der det er kartlagd. Raudlisteartar på vestsida av RV13.
Naturresursar		Riskadal – sand & grus
Jordbruk		Fulldyrka mark i Riskadal
Skogbruk		Ingen spesiell konflikt.
100-metersbeltet		Ikkje relevant.
Landskap		Regionalt viktig landskap – Riskadalsvatnet.

		Gang- og sykkelveg vil truleg ikkje ha noko særleg større fotavtrykk.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt
Friluftsliv og nærmiljø		Trygg gangveg frå Riskadal til Årdalstunet og skuleområdet.
Vasskvalitet og vassmiljø		Avhengig av tiltak, kan ha stor konsekvens dersom det er utfylling i Riskadalsvatnet.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konsekvens.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Bidra til å kople bygda betre saman.
Bumiljø og folkehelse		Trygg gangveg frå Mosnes til skulen, med unntak av overgang med Joker.
Born og unge		Trygg gangveg frå Riskadal til skulen.
Teknisk infrastruktur		Straum i området til gatelys.
Sosial infrastruktur		Betre kopling til sosial infrastruktur ved skulen og Årdalstunet.
Transportbehov/ trafikkmengd		Kan føre til at fleire går til butikken og sosial infrastruktur, og med det redusere trafikkmengd/behov.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,3	Store delar av området innanfor aktsemdsområde kvikkleire.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	2,3	Store delar av området innan aktsemdsområde for steinsprang, snøskred og jord- og skredfare.

Flaumfare	2,2	Flaumfare frå bekkar og vatnet
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,2	Ingen kjend risiko, evt. kryssingspunkt.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Potensielt avlaste vegnett, men minimalt.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

G/S-veg Fister sentrum

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd.** Kartlagd i 2003 bekk med svartorkantskog.
Naturresursar		Ingen kjend konflikt.
Jordbruk		Fulldyrka mark på delar av strekninga.
Skogbruk		
100-metersbeltet		Området er innanfor 100-metersbeltet, men heile strandsona er utbygd.
Landskap		Nasjonalt viktig landskap – Fisterøyene og austlege del av Fogn. Gang- og sykkelveg vil ikkje ha noko større fotavtrykk.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt
Friluftsliv og nærmiljø		Trygg gangveg til båtplassar.

Vasskvalitet og vassmiljø		Bekk med naturverdi, kan få negative konsekvensar.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konflikt
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Bidra til å kople bygda betre saman.
Bumiljø og folkehelse		Trygg gangveg, med unntak av overgang med Joker.
Born og unge		Trygg gangveg, med unntak av overgang med Joker.
Teknisk infrastruktur		Straum i området til gatelys.
Sosial infrastruktur		Betre kopling til sosial infrastruktur ved skulen og butikken.
Transportbehov/ trafikkmengd		Kan føre til at fleire går til butikken og sosial infrastruktur, og med det redusere trafikkmengd/behov.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,3	Heile området innanfor aktsemdsområde kvikkleire.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	2,2	Heilt nord er ein liten del innanfor aktsemdsområde for snøskred og jord- og skredfare.
Flaumfare	2,2	Flaumfare langs bekk
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,2	Ingen kjend risiko, evt. kryssingspunkt.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.

Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Potensielt avlaste vegnett.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

Parkering Hovda

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Ingen kjend konflikt
Naturresursar		Hogstfelt og opplagsplass
Jordbruk		Ingen kjend konflikt
Skogbruk		Skog er hogd, men tar areal for framtidig skogbruk.
100-metersbeltet		
Landskap		Fisterøyane og austlege del av Fogn – nasjonalt viktig landskap. Området ligg skjult i terrenget og vil ikkje ha nokon nemneverdig påverking på landskapet.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt.
Friluftsliv og nærmiljø		Fasiliterer for parkering og tilgang på friluftsområde med badestrand.
Vasskvalitet og vassmiljø		Ingen kjend konsekvens.
Forureining og klimagass		Ingen kjend konsekvens.

Samfunn		
Tettstadsutvikling		Ikkje relevant.
Bumiljø og folkehelse		Bustad rett nord for området, vil truleg ikkje ha nokon særleg negativ konsekvens.
Born og unge		Ikkje relevant.
Teknisk infrastruktur		Ikkje relevant.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		Tiltaket må skje på ein måte som ikkje er til hinder for opplagsplass og eksisterande bruk.
Beredskap		Ikkje relevant.

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	3,2	Aktsemdsområde kvikkleire.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	1,1	Ingen kjend risiko.
Flaumfare	1,1	Ingen kjend risiko.
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,1	Ingen kjend risiko.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Ingen kjend risiko.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant

Samlokalisering	2,2	Samlokalisering av parkeringsplass og opplagsplass kan potensielt føre til konfliktar, derfor viktig at dette vart tatt omsyn til ved evt. tiltak.
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

Ny FV Kåda, Randøy

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Naturverdiar i foreslått trasé. Beiteskog, naturbeitemark, Open myrflate i boreonemoral til nordboreal sone og hole eiker. Raudlista arter.
Naturresursar		Ingen kjend konflikt.
Jordbruk		Delar vil gå over fulldyrka mark
Skogbruk		Ingen spesiell konflikt.
100-metersbeltet		Utanfor
Landskap		Nasjonalt viktig landskap – Fisterøyene og austlege del av Fogn. Vil bryte opp eit landbruksområde og landskapet.
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen kjend konflikt
Friluftsliv og nærmiljø		Friluftsområde
Vasskvalitet og vassmiljø		Myrområde og Kådatjørna som er sårbare for inngrep.
Forureining og klimagass		Utbygging av myrområde vil føre til klimagassutslepp.
Samfunn		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		Vi få mykje av hyttetrafikken ut av tuna på Kåda.

Born og unge		Mindre trafikk i tuna på Kåda, men ikkje nokon effekt utanom det.
Teknisk infrastruktur		Ikkje relevant
Sosial infrastruktur		Ingen kjend konsekvens
Transportbehov/ trafikkmengd		Fylkesveg m/ 450 ÅDT (8% lange kjøretøy)
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
	Risiko, konsekvens	**Kommentar**
Grunnforhold, kvikkleire	2,3	Delar av området innanfor aktsemdsområde kvikkleire.
Erosjon		**Ikkje kartlagd lausmasse.**
Rasfare	2,2	Liten del heilt sør som er innanfor aktsemdsområde jord- og skredfare.
Flaumfare	2,2	Flaumfare langs bekkar
Klima	1,1	Ingen kjend risiko
Trafikktryggleik	1,3	Vil forbetre trafikktryggleiken på området, men elles på Randøy vil det framleis være skummelt på utsette område.
Forureining	1,1	Ingen kjend risiko.
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,2	Ingen kjend risiko.
Radon		Ikkje relevant
Samferdselsårer	1,1	Forbetre samferdselsårer.
Offentleg tenester/ beredskap		Ikkje relevant
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant

Andre risikoforhold		